

## **Saman for samferdsla på Vestlandet**

**Eit samla vestland inviterer stortingspolitikar til møte om Nasjonal transportplan (NTP) for å kjempe for dei viktigaste samferdslesakene i landsdelen. Ferjefri E39, skredsikring, ferjedrift og vegvedlikehald er viktige tema på møtet i regi av Vestlandsrådet.**

På møtet i Oslo 5. mai møter representantar for Vestlandsrådet stortingsrepresentantar frå Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal, representantar frå transport- og kommunikasjonskomiteen og frå regjeringa.

### **Uroa for fleire prosjekt**

– Bodskapen må fram. Vestlandsrådet ønskjer å vise at infrastruktur og samferdsle på Vestlandet, og mellom Vestlandet og resten av landet, handlar om å fremje vekstpotensialet for heile nasjonen, seier leiar i Vestlandsrådet og fylkesordførar i Sogn og Fjordane, Jenny Følling.

– Eg er uroa over framdrifta for fleire av prosjekta i NTP, som prosjekt langs E39. Trygging mot ras og skred og opprusting av tunnelar må også sikrast betre, seier Følling, som vil opne møtet med orientering om dei største, felles problemstillingane.

### **Næringslivet på bana**

Fylkesordførarane i dei fire fylka vil også orientere om sentrale fylkesvise utfordringar. Avdelingsdirektør Per Øyvind Langeland i NHO Norge vil tale næringslivet si sak, og legge fram deira transport- og samferdslebehov og prioriteringar på Vestlandet.

Han legg vekt på kommunikasjonsutfordringane mellom Vestlandet, landet elles og Europa.

### **Fire store problemstillingar**

Dei viktigaste samferdslesakene for Vestlandsrådet er:

- *Ferjefri og opprusta E39 mellom Kristiansand og Trondheim:* Statleg plan for utbygging av ferjefri og opprusta E39 i løpet av 20 år må oppretthaldast og fullfinansierast.
- *Forfallet på fylkesvegnettet:* Det trengst eit krafttak for å ta att etterslepet på både riks- og fylkesvegnettet.
- *Rassikring:* Vegnettet må vere sikra mot ras og skred innan 2030, i tråd med tilrådingane frå Nasjonal rassikringsgruppe.
- *Ferjedrift:* Det er behov for vesentleg betre rammevilkår for kjøp av ferjetenester. Vestlandet er ein nasjonaløkonomisk motor – med størst fastlandseksport i landet. Eit godt ferjetilbod er m.a. avgjerande for konkurranseevna til eksportindustrien. Vestlandsrådet ber også staten legge til rette for å kunne fase inn miljøferjer.

### **Tid og stad for møtet:**

KS Agenda Møtesenter, Haakon VIIs gate 9, Oslo, møterom Nordkapp  
Fredag 5. mai 2017 kl. 08.00–10.00

[www.vestlandsraadet.no](http://www.vestlandsraadet.no)

### **For meir informasjon**

Jenny Følling  
leiar, Vestlandsrådet  
[jenny.folling@sfj.no](mailto:jenny.folling@sfj.no)  
tlf.: 479 05 990